

LOKALE RETNINGSLINER FOR BARNEHAGESEKTOREN I FJELL KOMMUNE – GJELDANDE FRÅ 01.08.2011

A.

Lokale retningslinjer til Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Fastsatt ved kongelig resolusjon 29. oktober 2010 med hjemmel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager § 14 tredje ledd. Fremmet av Kunnskapsdepartementet.

§ 1 Formål og virkeområde

Forskriften skal sørge for at godkjente ikke-kommunale barnehager behandles likeverdig med kommunale barnehager ved tildeling av offentlige tilskudd.

Forskriften gjelder ved kommunens tildeling av tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager etter barnehageloven § 14 første og andre ledd.

§ 2 Kommunens ansvar

Kommunen skal sørge for at godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen behandles likeverdig med kommunale barnehager ved tildeling av offentlige tilskudd til ordinær drift etter denne forskriften. Kommunen skal dokumentere at tildelingen skjer i samsvar med denne forskriften.

Fjell kommune:

Alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i Fjell kommune vert tildelt offentleg tilskot til ordinær drift, i samsvar med forskrift om likeverdig behandling.

§ 3 Det kommunale tilskuddet til ordinær drift

Det kommunale tilskuddet skal dekke kostnader til ordinær drift i barnehagen som ikke dekkes av andre offentlige tilskudd og foreldrebetaling. Kostnader til ordinær drift omfatter driftskostnader, kapitalkostnader og administrasjonskostnader.

Det samlede offentlige tilskuddet til ikke-kommunale barnehager skal utgjøre samme andel av den gjennomsnittlige offentlige finansieringen av tilsvarende kommunale barnehager som året før.

Tilskuddet skal utgjøre minimum 88 prosent av det som tilsvarende kommunale barnehager i gjennomsnitt mottar i offentlig finansiering.

Kommunen har ikke plikt til å gi tilskudd slik at det samlede offentlige tilskuddet til den ikke-kommunale barnehagen overstiger det tilsvarende kommunale barnehager i gjennomsnitt mottar i offentlig finansiering. Der den ikke-kommunale barnehagen har lavere foreldrebetaling enn i tilsvarende kommunale barnehager, har kommunen ikke plikt til å dekke differansen.

Tilskuddet skal begrenses oppad til at den ikke-kommunale barnehagen ikke får tilskudd for flere barn enn det er plass til innenfor barnehagens godkjenning. Store aktivitetsendringer i den ikke-kommunale barnehagen medfører at kommunen må beregne tilskuddet til barnehagen på nytt.

Fjell kommune:

I kommunens utrekning av tilskotssatsar til ikkje-kommunale barnehagar skal følgjande kostnader ikkje reknast som kostnader til ordinær drift:

- Særskilde formål slik som tiltak for barn med nedsett funksjonsevne, tiltak for å betre språkforståinga hjå minoritetsspråklege barn og tiltak som følgje av busetting av flyktningar
- Kostnader til lærlingar i kommunale barnehagar
- Kostnader til ordinær drift i kommunale barnehagar som vert drive i mellombelse lokale
- Dersom kommunen ønskjer å ha ein kommunal barnehage som alltid skal ha ledig kapasitet til å kunne ta inn barn på dagen, vil drift av denne ikkje bli vurdert som ordinær drift
- Kostnader til kommunen si rolle som lokal barnehagemynde. Mellom anna vil dette gjelde rettleiing og kompetansetiltak som kjem alle barnehagane til gode

§ 4 Tilskudd til driftskostnader

Kommunen skal gi tilskudd til driftskostnader i godkjente ikke-kommunale barnehager. Tilskuddet skal beregnes ut i fra gjennomsnittlige budsjetterte driftskostnader per heltidsplass i tilsvarende kommunale barnehager. Kommunale barnehager med budsjetterte driftskostnader som er minimum 25 prosent høyere enn gjennomsnittlige budsjetterte driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehager kan holdes utenfor grunnlaget for beregningen. Kommunen skal gi et påslag for administrasjonskostnader på fire prosent av tilskuddet til driftskostnader.

Kommunen skal fastsette tilskuddssatser til driftskostnader per heltidsplass. Satsene skal beregnes i samsvar med forholdstall for finansiering av plasser for barn over og under tre år fastsatt av departementet. Det skal være egne satser per heltidsplass for ordinære barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager. For ordinære barnehager og familiebarnehager skal det settes én sats for barn over tre år, og én sats for barn under tre år. For åpne barnehager skal det settes én felles sats gjeldende for barn over og under tre år. Kommunen skal dokumentere hvordan tilskuddssatsene er beregnet.

Kommunen skal kunngjøre forslag til tilskuddssatser i forbindelse med at årsbudsjettet legges ut til alminnelig ettersyn, og skal før 1. februar i budsjettåret underrette de ikke-kommunale barnehagene om fastsatte tilskuddssatser for driftskostnader.

Kommuner som ikke har kommunale ordinære barnehager, familiebarnehager eller åpne barnehager, skal benytte nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader fastsatt av departementet ved beregningen av tilskudd til driftskostnader til ikke-kommunale barnehager.

Fjell kommune:

- Kommunen kunngjer forslag til tilskotssatsar i forbindelse med kommunestyrets budsjettbehandling i desember kvart år
- Kommunen gjev melding til dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotssatsar for driftskostnader innan 1. februar kvart år. Desse satsane er gjeldande for eit år om gangen.
- Avrekning ut frå rekneskapen for året før skal gjerast kjend for ikkje-kommunale barnehagar innan 1. april.
- Ordinære ikkje-kommunale barnehagar mottok offentlege tilskot lik 100% av det kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottok
- Familiebarnehagar og opne barnehagar mottok nasjonale gjennomsnittssatsar då Fjell kommune ikkje har slike barnehagar sjølv
- Kostnader i nye kommunale barnehagar vert teke med i grunnlaget frå og med det året dei har heilårsdrift

- Nye godkjente ikkje-kommunale barnehagar får tilskot frå og med den datoen i opningsmånaden dei faktisk har godkjenning frå kommunen til å ta inn barn og under føresetnad av at barn og naudsynt personale er på plass i barnehagen.

§ 5 Tilskudd til kapitalkostnader

Kommunen skal gi tilskudd til kapitalkostnader i godkjente ikke-kommunale barnehager per heltidsplass.

Kommunen velger om den vil gi tilskuddet ut i fra gjennomsnittlige kapitalkostnader per heltidsplass i egne tilsvarende kommunale barnehager, eller om den vil benytte nasjonale gjennomsnittssatser for kapitaltilskudd fastsatt av departementet.

Der kommunen gir tilskuddet ut fra gjennomsnittlige kapitalkostnader i egne tilsvarende kommunale barnehager skal det være én sats for ordinære barnehager, én for familiebarnehager og én sats for åpne barnehager. Kommunen skal dokumentere hvordan tilskuddssatsene er beregnet.

Kommunen skal kunngjøre forslag til tilskuddssatser i forbindelse med at årsbudsjettet legges ut til alminnelig ettersyn, og skal før 1. februar budsjettåret underrette de ikke-kommunale barnehagene om fastsatte tilskuddssatser for kapitalkostnader.

Kommunen kan gi ekstra tilskudd til kapitalkostnader til ikke-kommunale barnehager med høye kapitalkostnader.

Fjell kommune:

- Kommunen reknar ut kapitaltilskot til ikkje-kommunale barnehagar ut i frå gjennomsnittlege kapitalkostnader per heiltidsplass i tilsvarende kommunale barnehagar
- Familiebarnehagar mottok nasjonale gjennomsnittlege kapitalkostnader
- Prosedyrar for melding og vedtak om satsane er likt som for driftstilskotet

§ 6 Reduksjon av kommunalt tilskudd

Kommunen kan redusere det kommunale tilskuddet dersom barnehagen foregående regnskapsår hadde vesentlig lavere bemanning eller lønnskostnader per årsverk enn det som er vanlig i tilsvarende kommunale barnehager og eier av barnehagen hadde avsatt urimelig utbytte eller tatt ut urimelig godtgjørelse for egen eller nærstående arbeidsinnsats i barnehagen.

Med urimelig utbytte og arbeidsgodtgjørelse menes at normal kompensasjon for arbeid og kapitalinnsats i barnehagen overstiges.

Reduksjonen i det kommunale tilskuddet skal stå i forhold til den kostnadsbesparelsen barnehagen har, jf. første ledd.

Fjell kommune:

- For at Fjell kommune skal kunne få nok dokumentasjon til å vurdere den økonomiske situasjonen i ikkje-kommunale barnehagar, vil eit utval barnehagar årleg bli beden om å sende inn meir detaljerte opplysningar utover årsmelding pr 15.12 og årsrekneskapen. Døme på dette kan vere namn på tilsette som mottok løn, alle utbetalingar til eigar eller eigar sine selskap og balansen i rekneskapen for barnehagen.

§ 7 Opplysningsplikt

Eiere av ikke-kommunale barnehager skal 15. desember hvert år rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid i barnehagen på skjema fastsatt av departementet. Rapporteringen danner grunnlag for utmålingen av kommunalt tilskudd året etter. Kommunen kan bestemme at

slik rapportering skal gjøres ved flere tidspunkter i året, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. Dette skal fastsettes i lokale retningslinjer.

Ikke-kommunale barnehager som i løpet av året har store aktivitetsendringer, blant annet opprettelse eller nedleggelse av avdeling eller større gruppe, skal melde fra til kommunen.

Fjell kommune:

Eigarar av ikkje-kommunale barnehagar skal 15. desember kvart år rapportere om tal barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Opplysningane vert rapportert elektronisk via BASIL. I tillegg skal eigar signere ein papirutskrift av skjemaet, og sende dette til kommunen innan fristen kommunen set.

Fjell kommune har ei årleg rapportering utover 15. desember. Av omsyn til budsjettprosessen, som startar i september, vil kommunen og ha eit teljetidspunkt 20. september. Det er elles eigar i ikkje-kommunale barnehagar sitt ansvar å sjå til at opplysningane i kommunen sitt barnehagesystem til einkvar tid er korrekt.

Endringar som kan få innverknad på utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar skal meldast til Fjell kommune. Dette gjeld:

- **Nedlegging:** Dersom barnehageeigar vel å avvikle drift av barnehagen, kan ikkje eigar lenger motta tilskot. For barnehagar som vert nedlagd, vert det gjeve tilskot ut den siste driftsmånaden
- **Mellombels stenging i meir enn ein kalendermånad:** Dersom barnehagen vert stengd med heimel i barnehageloven § 16, eller av andre grunner vert halde stengd i meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling, har ikkje barnehagen rett til å motta tilskot. Barnehageeigar skal umiddelbart melde frå til kommunen dersom heile eller deler av barnehagen er mellombels stengt meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling. Tilskot vert gjeve til og med den dato barnehagen vert stengd
- **Reduksjon i tal barn:** Barnehagen skal drive med det same omfang i barnetal som er rapportert per 15. desember. Dersom omfanget vert redusert, skal barnehageeigar melde frå til kommunen. For mykje mottatt tilskot kan bli kravd tilbakebetalt.
- **Auke i tal barn:** Ny utmåling av tilskot skal vurderast ved store aktivitetsendringar, som til dømes oppretting av ny avdeling eller gruppe. Slike store aktivitetsendringar må avklarast med kommunen på førehand, og skal inngå i Fjell kommune sin plan og behov for fleire barnehageplassar.

§ 8 Endringer i grunnlaget for de kommunale tilskuddssatsene

Kommunen skal én gang per år fatte vedtak om tilskudd til ikke-kommunale barnehager i samsvar med §§ 4 og 5.

Kommuner som i løpet av året endrer bevilgningene til ordinær drift i kommunale barnehager, skal samme året fatte vedtak om etterjustering av tilskudd til ikke-kommunale barnehager.

Dersom kommunens regnskap viser at forbruket i de kommunale barnehagene avviker fra det som lå til grunn for fastsettelsen av tilskuddssatsene etter §§ 4 og 5, skal kommunen i forbindelse med kommunestyrets årlige fastsettelse av årsregnskapet fatte vedtak om etterjustering av tilskudd til ikke-kommunale barnehager. Etterjustering av tilskudd det er fattet vedtak om i samsvar med andre ledd skal hensyntas.

Fjell kommune:

- Kvar ikkje-kommunal barnehage vil få enkeltvedtak med dokumentert grunnlag for satsane til drift og kapital i februar etter at tilskotssatsane for året er klåre. Dersom det kommunale årsbudsjettet seinare i året vert endra vil ikkje-kommunale barnehagar få

nytt vedtak med nye satsar. Det same gjeld dersom vedteke årsrekneskap fører til endring av satsane.

- Kommunen betalar forskotsvis ut kommunalt tilskot slik: I byrjinga av januar for 3 månadar og deretter annakvar månad.

§ 9 Vilkår for kommunalt tilskudd

Kommunen kan sette rimelige og relevante vilkår knyttet til barnehagedriften for kommunalt tilskudd.

Fjell kommune:

Vilkår som er relevante for vedtak om tilskot frå kommunen.

- Oppretthalde omfang i barnetal som er rapportert 15.12, gjennom heile året
- Alle opplysningar i "VO – barnehage" skal til einkvar tid vere korrekt
- Delta i samordna opptak i kommunen
- Sjå til at tal barn til ein kvar tid står i forhold til godkjend leike- og opphaldsareal, pedagogdekning og bemanning elles. Fremje søknad om dispensasjon til kommunen dersom det ikkje er mogleg å skaffe godkjende pedagogar.
- Tilsvarende løns- og arbeidstilhøve som i kommunale barnehagar.

§ 10 Tilbakebetaling

Barnehager som i løpet av året mottar høyere tilskudd enn den har krav på, skal etter vedtak fra kommunen enten tilbakebetale et tilsvarende beløp eller få trukket fra beløpet ved senere eller neste års utbetaling av tilskudd.

Fjell kommune:

Kommunen kan, på bakgrunn av opplysningar framkome ved tilsyn, eller ved brot på vilkåra til vedtak om kommunalt tilskot, krevje at barnehageeigar betaler tilbake for mykje motteke tilskot.

§ 11 Refusjon av kostnader knyttet til barn fra andre kommuner

Kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskudd fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen skal baseres på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet.

Fjell kommune:

Det er ønskeleg at barnehageeigarar i ikkje-kommunale barnehagar bidreg til først og fremst å tilby barnehageplass til barn busett i Fjell kommune. Det vil vere kostbart for kommunen å utbetale refusjonar til nabokommunar etter nasjonale satsar (kr 180 200 / 91 800 i 2011 per barn under/over tre år) for barn busett i Fjell med barnehageplass i andre kommunar. Dette må dekkjast innan barnehagebudsjettet.

Fjell kommune vil sende kvartalsvis refusjonskrav til nabokommunar som har barn i barnehagane i Fjell.

§ 12 Klage til fylkesmannen

Eier av ikke-kommunal barnehage kan påklage kommunens vedtak om tildeling av tilskudd etter denne forskriften til fylkesmannen.

§ 13 Endringer i forskriften

Departementet kan øke minimumsforpliktelsen i § 3 andre ledd i samsvar med gjeldende års budsjettvedtak.

§ 14 Ikraftsetting

Forskriften trer i kraft 1. januar 2011. Fra samme tidspunkt oppheves forskrift 19. mars 2004 nr. 539 om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd.

B. Lokale retningslinjer til rett om spesialpedagogisk hjelp - Opplæringslova

§ 5-7. Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder

Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbud om foreldrerådgiving. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skolar, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogisk-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans.

For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5-4 andre og tredje leddet i lova. § 5-5 andre leddet i lova gjeld så langt det passar.

Fjell kommune:

Foreldre som har barn som mottok spesialpedagogisk hjelp i barnehagen har rett på fri foreldrebetaling for dei spesialpedagogiske timane. Ikkje-kommunale barnehagar skal redusere månadleg foreldrebetaling for dei aktuelle barna, slik som i kommunale barnehagar. Utrekningsmåte vert fastsett av Fjell kommune. Ikkje kommunal barnehage sender refusjonskrav til Fjell kommune, etterskotsvis kvar kvartal.

C. Lokale retningslinjer ved utviding/endring av barnehagetilbodet i Fjell kommune.

Behovsvurdering

Fjell kommune skal ein gang årleg vurdere behov for nye barnehageplassar. Samstundes skal ein vurdere behov for endringar i eksisterande barnehagar. Komite for drift skal orienterast om behovsvurderinga. Eventuell sak om nye tiltak skal leggjast fram for komiteen. Barnehagesjef og representantar for ikkje-kommunale barnehagar vert invitert til det årlege møte.

Prosedyre ved etablering av nye barnehageplassar

Frå og med 1. januar 2011 har kommunane gjennom endringar i barnehagelova fått ei sterkare styring med etablering av nye barnehageplassar. Sidan all offentleg finansiering til barnehagesektoren no er kommunane sitt ansvar er det viktig å sikre gode rutinar for utviding / endring av sektoren. Det er særleg viktig å sikre mangfald, god geografisk plassering, rett omfang og lik moglegheit for barnehagesjefen, lokale ikkje-kommunale aktørar og dei store ikkje-kommunale kjedene til å etablere nye plassar ut frå den årlege behovsvurderinga.

Ved behov for nye plassar må ei sak til komite for drift innehelde:

- Vurdering om utviding av ei eller fleire eksisterande barnehagar
- Dersom behovet tilseier etablering av ein ny barnehage må saka innehelde moment om storleik, plassering og fag for å sikre mangfald og rett geografisk dekning i kommunen
- Kostnadmessige konsekvensar

Når vedtak om nye plassar er gjort får rådmannen følgjande oppgåver:

- Dersom det skal etablerast ein ny barnehage må eit tomteområde som høver godt for barnehagedrift kjøpast av kommunen
- Lage og lyse ut anbodsinnbyding
- Leggje fram ny sak for komite for drift med innstilling om kven som får bygge
- Når vedtak om anbodsvinner er gjort i komite for drift vert tomte seld vidare til anbodsvinnar, når andre aktørar enn kommunen sjølv vinn anbodet

Lokalisering / krav til nye barnehagar

Krav

- >80 meter frå kraftlinje, gjeld både inne- og utearealet
- Godt lokalklima
- Tilgang på friområde/ naturområde i gangavstand frå barnehagen(Kan fråvikast i bynært strøk)
- Trygg gangveg til turområde
- Nær vegnettet, men likevel skjerma for trafikk
- Trygt i høve naturgjevne tilhøve (skrentar, vatn m.m.)
- Ikkje i tilknytning til anna verksemd som kan generere tungtrafikk, støy, støv/ forureining og anna som vil få ein uheldig faktor for drift av barnehage (ei eventuell evakuering av barn i ein barnehage tek tid)
- Unngå område med høge verdiar av radon

Retningslinjer for vurdering av kvalitet på lokalisering

- Gode soltilhøve
- Le for vind
- Utfordrande utemiljø
- Trygge trafikktilhøve
- Ikkje plassering inne i bustadfelt, men ved innkøyring til bustadfelt/ bustadområde

Gjerne plassering slik at sambruk av lokale med til dømes ein skule vil vere mogleg.

Detaljplanlegging

All utbygging av barnehagar skal skje i medhald av regulerings- eller utbyggingsplan etter plan- og bygningslova, slik at ein sikrar lokal medverknad og kvalitet i planlegginga. Det skal leggjast særleg vekt på universell utforming.

Ein barnehagetomt skal mellom anna gje plass til:

- Sjølve bygget
- Uteareal - minimum 6 x inneleikeareal til faktisk uteopphaldsareal/ leik
- Parkering for personale
- Parkering med plass til tilrettelagd og sikker av- / påstiging ved henting / levering av barn

Vegar til / frå barnehagen skal vere av god kvalitet slik at trafikken ved henting og levering kan avviklast på forsvarleg vis.

For ein 4 avdelingsbarnehage, definert som ein barnehage for inntil 80 barn, skal tomten vere omlag 4000m².

Barnehagar som vert bygd i to høgder bør tilretteleggast med direkte inngang frå terreng i begge høgder.

D.

Lokale retningsliner for opptak av barn – hovudopptak

Fjell kommune har eit samordna hovudopptak av barn i året der søknadsfristen er 1. mars.

Alle barnehagar skal ha tilgang til it-systemet til kommunen der søknader og opptak vert registrert.

Ansvarleg for opptaket i den enkelte barnehage er forplikta til å delta på dei møta som kommunen arrangerer i samband med opptaket.